



Arkiv nr:

Sak nr 23/2021

Møtedato: 15.06.21

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## **S 811, Rensenn – Salgsbod for stølsturisme**

Lena og Jan Erik Lisjordet søker om å mellomlagre ei salsvogn i 3 mnd ved stølen for å kunne tilby utsal av stølsprodukter hovudsakleg produsert i eige regi.

Då stølen ligg i eit LNF-område samt at det ligg i eit område med særskild kulturhistorisk verdi (Utvalde kulturlandskap), må dette handsamast som søknadspliktig tiltak sjølv om dette i praksis er ein midlertidig konstruksjon.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift:

*Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

*Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Det er gjennomført synfaring saman med Statskog, fjellstyret og stølsbrukar den 7. juni 2021, der det kom fram positiv haldning til tiltaket frå Statskog. Det er ikkje motteke skriftleg tilbakemelding.

Fjellstyret har ikkje motteke uttale frå Innlandet fylkeskommune, kulturarvenheten. Imidlertid er det motteke foreløpig muntleg positiv tilbakemelding. Dei ser primært at det på lengre sikt vert ført opp eit fysisk bygg, men vil ikkje motsetje seg omsøkt salsvogn.

Stølen er i bruk, til mjølkedrift. Det å tilby stølsturisme er eit positivt element i stølslandskapet, og ein ser det er naudsynt med eit salsopplegg som tilfredsstillar dei krav som Mattilsynet set. Då er ei førehandsgodkjent salsvogn som er i tråd med føringar frå Mattilsynet ein god start.

Fjellstyret skal etter §10 gjera ei vurdering av utforming og ev. stille vilkår. I likande saker har fylkeskommunen uttala at utforming er viktig for tilpassing til stølsmiljøet. Det å nytte laminerte flater med bilete frå den nærliggande, eldre bebyggelsen kan vere ein god måte å tilpasse seg stølslandskapet på. Fjellstyret rår søkjar til å følgje generell tilråding frå fylkeskommunen, dersom dei har konkrete syn på laminering av vogn.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte salsvogn og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Fjellstyret ber søkjar om å følgje ev. tilråding frå Innlandet fylkeskommune dersom desse kjem innan 3 veker etter utsending av vedtak.

Ang parkering utanfor eige stølsfeste ber ein stølsbrukar avklare dette med administrasjonen slik at ein får ein positiv sambruk så dette ikkje gjev negative verknader for t.d. badeplassen ved Rensenn.

### **Vedtak:**

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte salsvogn og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene. Fjellstyret ber søkjar om å følgje ev. tilråding frå Innlandet fylkeskommune dersom desse kjem innan 3 veker etter utsending av vedtak.

Ang parkering utanfor eige stølsfeste ber ein stølsbrukar avklare dette med administrasjonen slik at ein får ein positiv sambruk så dette ikkje gjev negative verknader for t.d. badeplassen ved Rensenn.

### *Generelle reglar om fjellstyrevedtak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 21.06.2021

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar  
Statskog  
Innlandet fylkeskommune